

# Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

17. desember 2014



## PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Onsdag 17. desember 2014 kl. 09.30 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet ble gjennomført som telefonmøte.

### Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Endra resultatkrav for 2014
- Sak 4 Endringar i driftskredittramma

### Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold (etter fullmakt frå statsråden)

### Frå styret møte

Styreleiar Terje Varberg  
Nestleiar Lise Reinertsen

Gunnar Berge  
Reidun Johansen

### Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Økonomidirektør Per Karlsen

### Også til stades

Underdirektør Helga Daae  
Spesialrådgjevar Ragnhild Kolstad

Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjon § 13 og møte ved Ingrid Engstad Risa.

### Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkommen. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

#### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Terje Vareberg og ekspedisjonssjef Frode Myrvold blei valde til å skrive under protokollen.

### Sak 2 Dagsorden

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

#### Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjent.*

### Sak 3 Endra resultatkrav for 2014

Føretaksmøtet viste til omtale i Prop. 23 S (2014–2015) *Endringer i statsbudsjettet 2014 under Helse- og omsorgsdepartementet*. Ny berekningar av pensjonskostnad for 2014 har vist at pensjonskostnadene blir redusert med 15 140 mill. kroner i inneverande år. Berekninga er basert på Rettleiing frå august 2014 frå Norsk Regnskapsstiftelse om regnskapsføring av verknaden av at levealdersjustering er innført for offentlege tenestepensjonsordningar for personar født i 1954 eller seinare. Ved behandling av Prop. 23 S (2014–2015) *Endringer i statsbudsjettet 2014 under Helse- og omsorgsdepartementet* ble basisramma til dei regionale helseføretaka for 2014 sett ned med 5 040 mill. kroner, mens resten av kostnadsreduksjonen blir brukt til å styrke føretaka sin eigenkapital, svarande til 10 100 mill. kroner. Resultatkravet for 2014 blir derfor endra til eit samla positivt resultat på 10 100 mill. kroner.

Helse Vest sin del av dette utgjer 1 913,4 mill. kroner.

Føretaksmøtet viste til at Helse- og omsorgsdepartementet har fått informasjon om at Statens pensjonskasse har nytta feil forholds-/delingstal i sine berekningar av kostnadene som låg til grunn for Prop. 23 S (2014–2015) etter at Helse- og omsorgskomiteen la fram si innstilling (Innst. 102 S (2014–2015)). Dette gjeld berekningar for Sjukehusapoteka og dei tidlegare statssjukehusa. Føretaksmøtet viste til at det i proposisjonen er vist til at det er ei vurdering av om det er behov for å justere rettleiinga frå august. Justert rettleiing ligg nå føre, men det er framleis usikkert kva dette inneber for endeleg rekneskapsresultat for 2014. Det vil bli sett hen til dette når rekneskapsresultata for 2014 for dei regionale helseføretaka skal godkjennast i føretaksmøte i mai 2015.

#### Føretaksmøtet vedtok:

*Resultatkravet for 2014 for føretaksgruppa Helse Vest blir sett til 1 913,4 mill. kroner.*

### Sak 4 Endringar i driftskredittramma

Ved behandlinga av Prop. 23 S (2014–2015) *Endringer i statsbudsjettet 2014 under Helse- og omsorgsdepartementet* er det lagt til grunn at helseføretaka kan nytte 1 250 mill. kroner av premiefond til dekning av tilsvarende høgare pensjonspremiar enn det som er lagt til grunn i saldert budsjett for 2014. Samtidig ble det vedteke å redusere løyvinga til dei regionale helseføretaka med 1/3 av den reduserte pensjonskostnaden. For at dei regionale helseføretaka skal ha likviditet til å handtere pensjonspremien, ble det vedtatt å auke dei regionale helseføretaka si ramme for driftskreditt med 5 040 mill. kroner frå 7 686 mill. kroner til 12 726 mill. kroner pr. 31.12.2014. Helse Vest RHF si bruk av premiefond utgjer 237 mill. kroner og ramma for driftskreditt aukar med 954,8 mill. kroner. Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt pr. 31. desember 2014 blir auka frå 1 566 mill. kroner til 2 520,8 mill. kroner.

#### Føretaksmøtet vedtok:

*Helse Vest RHF si bruk av premiefond i 2014 utgjer 237 mill. kroner. Driftskredittramma for Helse Vest RHF pr. 31. desember 2014 blir auka med 954,8 mill. kroner frå 1 566 mill. kroner til 2 520,8 mill. kroner.*



Møtet vart heva kl. 09.45.

Oslo, 17. desember 2014

*Frode Myrvold*

Frode Myrvold

*Terje Varberg*

Terje Varberg

*fm*

*TV*